# LOKALE RETNINGSLINER FOR BARNEHAGESEKTOREN I OS KOMMUNE – GJELDANDE FRÅ 01.01.2016

**Vedteke i Os kommunestyre den 15.12.2015**

**A.**
**Lokale retningsliner til Forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar**

**Hjemmel:** Fastsatt ved kgl.res. 9. oktober 2015 med hjemmel i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven) § 14 tredje ledd. Fremmet av Kunnskapsdepartementet.

**§ 1.*Vedtak om kommunalt tilskudd***

*Kommunen skal uten ugrunnet opphold fatte vedtak om tilskudd til private barnehager én gang i året, i samsvar med forskriften her.*

*Kommunen skal uten ugrunnet opphold fatte nytt vedtak om tilskudd til private barnehager hvis det følger av lokale retningslinjer eller det foreligger store aktivitetsendringer etter § 12.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

**Os kommune**

**Kommunen sine pliktar;**

- Alle godkjende private barnehagar i Os kommune vert tildelt kommunalt tilskot til ordinær drift, i samsvar med forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar.
- Kommunalt tilskot blir utbetalt forskotsvis slik: I byrjinga av januar for 1. kvartal og deretter kvartalsvis.

**Barnehagane sine pliktar;**

- Oppretthalde omfang i barnetal som er rapportert 15.12 og 01.08, gjennom heile året
- Sjå til at alle opplysningar i "Hypernet – barnehage" til ei kvar tid er korrekt
- Delta i samordna opptak i kommunen
- Sjå til at tal barn til ei kvar tid står i forhold til godkjend leike- og opphaldsareal, pedagogdekning og bemanning elles.
- Fremje søknad om dispensasjon til kommunen dersom det ikkje er mogleg å skaffe godkjende pedagogar. Søknad skal sendast kommunen etter gjeldande forskrift så tidleg som mogeleg for å sikre godkjent pedagognorm.
- Ha tilsvarande løns-og arbeidstilhøve som i kommunale barnehagar.

**§ 2.Kommunens utrednings- og informasjonsplikt**

*Kommunen skal sørge for at saken er så godt opplyst som mulig før det fattes vedtak etter forskriften her.*

*Kommunen skal begrunne vedtak den fatter etter forskriften her.*

*Den private barnehagen har rett til å gjøre seg kjent med de dokumentene som ligger til grunn for kommunens vedtak.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

**Os kommune:**
Alle godkjende private barnehagar i Os kommune vert tildelt kommunalt tilskot til ordinær drift, i samsvar med forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar.

**§ 3.Driftstilskudd til ordinære barnehager**

*Kommunen skal gi driftstilskudd til private ordinære barnehager per heltidsplass. Driftstilskuddet skal beregnes ut fra gjennomsnittlige ordinære driftsutgifter per heltidsplass i tilsvarende kommunale ordinære barnehager, fratrukket administrasjonsutgifter, pensjonsutgifter og arbeidsgiveravgift på pensjonsutgifter. Grunnlaget for beregningen er kommuneregnskapet fra to år før tilskuddsåret.*

*Kommunen skal gi påslag for pensjons- og administrasjonsutgifter, jf. § 4 og § 5.*

*Kommunen skal beregne satsene for driftstilskudd i samsvar med forholdstall for finansiering av plasser for barn over og under tre år. Barn under tre år skal vektes 1,8 ganger høyere enn barn over tre år. Kommunen skal beregne antall heltidsplasser i kommunale barnehager. Kommunen skal gjøre dette på én av følgende måter:*

*a) De kommunale barnehagenes årsmelding fra året før regnskapsåret og årsmeldingen fra regnskapsåret legges til grunn ved beregningen av heltidsplasser. Årsmeldingen fra året før regnskapsåret vektes med 7/12 og årsmeldingen fra regnskapsåret vektes med 5/12, eller,*

*b) Kommunen kan beregne heltidsplasser ved bruk av egne tellinger av barn i kommunale barnehager. Kommunens tellinger i regnskapsårets sju første måneder viser antallet heltidsplasser i denne perioden. Kommunens tellinger i regnskapsårets fem siste måneder viser antallet heltidsplasser i denne perioden. Barn som fyller tre år i regnskapsåret, regnes som under tre år i årets sju første måneder og over tre år i årets fem siste måneder.*

*Kommunen skal fastsette én sats for barn over tre år og én sats for barn under tre år.*

*Kommuner som ikke har ordinære kommunale barnehager, skal bruke satser fastsatt av departementet i utregning av driftstilskudd til private barnehager.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

**Os kommune:**
I kommunens utrekning av tilskotssatsar til private barnehagar skal følgjande kostnader ikkje reknast som kostnader til ordinær drift:

- Særskilde formål slik som tiltak for barn med nedsett funksjonsevne, tiltak for å betre språkforståinga hjå minoritetsspråklege barn og tiltak som følgje av busetting av flyktningar
- Kostnader til lærlingar i kommunale barnehagar
- Kostnader til kommunen si rolle som lokal barnehagemynde. Mellom anna vil dette gjelde rettleiing og kompetansetiltak som kjem alle barnehagane til gode
- Kostnader i nye kommunale barnehagar vert teke med i grunnlaget frå og med det året dei har heilårsdrift

***§ 4.Pensjonspåslag på driftstilskudd***

*Kommunen skal gi et påslag for pensjonsutgifter på tretten prosent av lønnsutgiftene i de kommunale ordinære barnehagene, fratrukket pensjonsutgift og arbeidsgiveravgift på pensjonsutgiften. Kommunen skal legge til arbeidsgiveravgift på summen av påslaget.*

*Kommunen skal gi påslag for pensjonsutgifter til familiebarnehager på seks prosent av lønnsutgifter i kommunale familiebarnehager, fratrukket pensjonsutgift og arbeidsgiveravgift på pensjonsutgiften. Kommunen skal legge på arbeidsgiveravgift på summen av påslaget.*

*Kommunen skal gi påslag for pensjonsutgifter til åpne barnehager på seks prosent av lønnsutgifter i kommunale åpne barnehager, fratrukket pensjonsutgift og arbeidsgiveravgift på pensjonsutgiften. Kommunen skal legge på arbeidsgiveravgift på summen av påslaget.*

*Private barnehager som har vesentlig høyere pensjonsutgifter enn det som blir dekket gjennom påslaget, har etter søknad krav på å få dekket pensjonsutgiftene. Pensjonsavtalen må være inngått før 1. januar 2015.*

*Gjennomsnittlige pensjonsutgifter i tilsvarende kommunale barnehager utgjør en øvre grense for hva kommunen er forpliktet til å dekke etter fjerde ledd. Grunnlaget for beregningen er regnskapsførte pensjonsutgifter i de private barnehagene og kommuneregnskapet fra to år før tilskuddsåret.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

***§ 5.Administrasjonspåslag på driftstilskudd***

*Kommunen skal gi påslag for administrasjonsutgifter på 4,3 prosent av gjennomsnittlige brutto driftsutgifter i kommunale ordinære barnehager, familiebarnehager og åpne barnehager.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

**§ 6.*Kapitaltilskudd til ordinære barnehager***
*Kommunen skal gi kapitaltilskudd til private ordinære barnehager per heltidsplass ut fra barnehagebyggets byggeår.*

*Tilskuddet skal beregnes etter satser fastsatt av departementet.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

**Os kommune:**

- Private barnehagar har rett på tilskot i samsvar med gjeldande godkjenning, basert på tal plassar som er i bruk, jf. kommunen sine vedtekne rapporteringstidspunkt.
- Ei eventuell utbygging som medfører fleire plassar vil utløyse rett til kapitaltilskot som skal baserast på utbyggingsår og når plassane er tekne i bruk. Ei slik endring vil krevje endring av barnehagen si godkjenning.
- Dersom barnehagen har færre plassar i bruk enn det barnehagen er godkjent for, har barnehagen rett til å få den høgaste tilskotssatsen for dei plassane som skuldast utbygging. Dei øvrige plassane får satsane for det opprinnelege byggeåret.

**§ 7.*Tilskudd til familiebarnehager***
*Kommunen skal gi driftstilskudd til private familiebarnehager per heltidsplass. Driftstilskuddet skal beregnes på samme måte som i § 3 første ledd.*

*Kommunen skal gi påslag for pensjons- og administrasjonsutgifter, jf. § 4 andre ledd og § 5.*

*Kommunen skal beregne satsene for driftstilskudd i samsvar med forholdstall for finansiering av plasser for barn over og under tre år. Barn under tre år skal vektes 1,25 ganger høyere enn barn over tre år.*

*Kommunen skal fastsette én sats for barn over tre år og én sats for barn under tre år.*

*Kommuner som ikke har kommunale familiebarnehager, skal gi driftstilskudd til private familiebarnehager etter satser fastsatt av departementet.*

*Kommunen skal gi kapitaltilskudd til private familiebarnehager etter sats fastsatt av departementet.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

**Os kommune:**

- Familiebarnehagar mottek nasjonale gjennomsnittssatsar så lenge Os kommune ikkje har slike barnehagar sjølv.

**§ *8.*Tilskudd til åpne barnehager**

*Kommunen skal gi tilskudd til åpne barnehager per heltidsplass. Tilskuddet skal beregnes ut fra driftsutgifter og kapitalkostnader per heltidsplass i tilsvarende kommunale åpne barnehager, fratrukket pensjonsutgifter og arbeidsgiveravgift på driftsutgiftene, og administrasjonsutgifter. Grunnlaget for beregningen er kommuneregnskapet fra to år før tilskuddsåret.*

*Kommunen skal gi påslag for pensjonsutgifter og administrasjonsutgifter, jf. § 4 tredje ledd og § 5.*

*Kommunen skal fastsette én sats for barnehager som har en ukentlig åpningstid på mellom 6 og 15 timer og én sats for barnehager som har åpningstid over 15 timer.*

*Kommunen beregner tilskudd ut fra hvor mange barn den private barnehagen er godkjent for. Hvis det over tid viser seg at fremmøtet i barnehagen er vesentlig lavere enn dette, kan kommunen legge et lavere barnetall til grunn.*

*Kommuner som ikke har kommunale åpne barnehager, skal bruke satser fastsatt av departementet.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

**Os kommune:**

- Opne barnehagar mottek nasjonale gjennomsnittssatsar så lenge Os kommune ikkje har slike barnehagar sjølv.

**§ *9.*Vedtak om sats**

*Kommunen skal fatte vedtak om satser til barnehager innen 31. oktober i året før tilskuddsåret.*

*Dette vedtaket følger reglene om enkeltvedtak etter forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav b.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

**§ *10.*Indeksregulering**

*Kommuner som fastsetter egne satser, jf. § 3, § 7 og § 8, skal indeksregulere satsene med faktoren for forventet pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren (kommunal deflator) før kommunen fatter vedtak om tilskudd, jf. § 1.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

**§ *11.*Begrensninger i kommunens plikt til å gi tilskudd**

*Kommunen skal i beregningen av tilskuddet til den private barnehagen trekke fra et beløp tilsvarende det andre offentlige tilskudd og indirekte offentlig økonomisk støtte dekker av barnehagens drifts-, og administrasjonsutgifter, og kapitalkostnader.*

*Hvis den private barnehagen har lavere foreldrebetaling enn tilsvarende kommunale barnehager, har kommunen ikke plikt til å dekke denne differansen.*

*Kommunen har ikke plikt til å gi tilskudd til den private barnehagen for flere barn enn barnehagen er godkjent for.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

**Os kommune:**

Tilskot til for eksempel barn med særlige behov, eller anna økonomisk stønad som ikkje går til det ordinære tilbodet i barnehagen, skal haldast utanfor utrekning av tilskot etter § 1 og skal heller ikkje trekkjast frå ved tildeling av tilskot.

**§ *12.* Rapportering av barn i private barnehager**

*Eier av private barnehager skal hvert år rapportere om antall barn, barnas alder og oppholdstid i barnehagen per 15. desember. Kommunen skal bruke de private barnehagenes rapportering fra året før tilskuddsåret i utregningen av tilskuddet til de private barnehagene.*

*Kommunen kan i lokale retningslinjer bestemme at de private barnehagene skal rapportere om antall barn, barnas alder og oppholdstid ved flere tidspunkter i tilskuddsåret, og hva som skal til for at tilskuddet skal endres i løpet av året. De lokale retningslinjene skal fastsettes før tilskuddsåret begynner.*

*De private barnehagene skal rapportere til kommunen om store aktivitetsendringer i barnehagen. Kommunen skal i disse tilfellene beregne tilskuddet til de private barnehagene på nytt.*

*Ved rapportering etter andre og tredje ledd gjelder følgende: Blir et barn som fyller tre år i tilskuddsåret, rapportert i tilskuddsårets sju første måneder, utløser dette*

*driftstilskudd for småbarnsplass. Blir et barn som fyller tre år i tilskuddsåret, rapportert i årets fem siste måneder, utløser dette driftstilskudd for storbarnsplass resten av året.*

*Åpne barnehager rapporterer etter første ledd om ukentlig åpningstid og hvor mange barn det er plass til innenfor godkjenningen. Andre og tredje ledd gjelder for åpne barnehager så langt de passer.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

**Os kommune:**
Eigarar av private barnehagar skal 15. desember kvart år rapportere om tal barn, barnas alder og opphaldstid i barnehagen på skjema fastsett av departementet. Opplysningane
vert rapportert elektronisk via portal til Udir. I tillegg skal eigar signere ein papirutskrift av skjemaet og sende dette til kommunen innan fristen kommunen set.

I Os kommune er det i tillegg fastsett ein rapporteringsdato om hausten, like etter oppstart av nytt barnehageår. Rapporteringsdato er sett til 1. august med verknad frå 1. august same år. Alle barn med oppstart i august vert rekna med. Rapporteringa skal gjennomførast på skjema fastsett av Os kommune.

Rapporteringa pr. 15. desember kvart år dannar grunnlaget for berekning av driftstilskot for perioden frå januar til og med juli i påfølgjande år. Rapporteringa pr. 1. august kvart år dannar grunnlag for berekning av driftstilskot for perioden frå august til og med desember inneverande år.

Barn som fyller tre år i tilskotsåret vert rekna som lite barn i perioden 01.01 til og med 31.07. Barn som fyller tre år i tilskotsåret vert rekna som stort barn i perioden 01.08 til og med 15.12.

Vedtak gjeld frå rapporteringstidspunkt og framover.

Barn i skulepliktig alder utløyser ikkje tilskot frå 01.08. og skal ikkje rapporterast. Unntaket er barn som har fått innvilga utsett skulestart.

Det er ønskjeleg at barnehageeigarar i private barnehagar bidreg til først og fremst å tilby barnehageplass til barn busett i Os kommune.

For at Os kommune skal kunne få nok dokumentasjon til å vurdere den økonomiske situasjonen i private barnehagar, kan eit utval barnehagar årleg bli beden om å sende inn meir detaljerte opplysningar utover årsmelding pr 15.12 og årsrekneskapen. Døme på dette kan vere namn på tilsette som mottek løn, alle utbetalingar til eigar eller eigar sine selskap og balansen i rekneskapen for barnehagen, jf. § 14 a i Barnehageloven og § 4 i «Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikkje-kommunale barnehager», i kraft 01.01.2013.

**Endringar som kan få innverknad på utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar skal meldast til Os kommune. Dette gjeld:**

- Opning: Nye godkjente private barnehagar får tilskot frå og med den datoen i opningsmånaden dei faktisk har godkjenning frå kommunen til å ta inn barn og under føresetnad av at barn og naudsynt personale er på plass i barnehagen.
- Nedlegging: Dersom barnehageeiger vel å avvikle drift av barnehagen, kan ikkje eigar lenger motta tilskot. For barnehagar som vert nedlagd, vert det gjeve tilskot ut den

siste driftsmånaden.

- Mellombels stenging i meir enn ein kalendermånad: Dersom barnehagen vert stengd med heimel i barnehageloven § 16, eller av andre årsaker vert halde stengd i meir enn ein kalendermånad utover vanleg ferieavvikling, har ikkje barnehagen rett til å motta
  tilskot. Barnehageeigar skal umiddelbart melde frå til kommunen dersom heile eller deler av barnehagen er mellombels stengt meir enn ein kalendermånad utover vanleg ferieavvikling. Tilskot vert gjeve til og med den dato barnehagen er stengd.
- Reduksjon i tal barn: Barnehagen skal drive med same omfang i barnetal som er rapportert per 15. desember og per 1. august. Om barn slutter i barnehagen må barnehagen ta inn nye barn som erstatning for dei som sluttar innan 2 månader frå oppseiingsdato, så framt det er barn på venteliste. Ved teljing av barn i denne samanheng vektas barn under 3 år dobbelt så mykje som barn over 3 år. (Eks. om 10 store barn slutter og 5 små barn begynner opprettholder barnehagen omfanget av barn.) Dersom omfanget vert redusert, skal barnehageeigar melde frå skriftleg til kommunen. For mykje mottatt tilskot vil bli kravd tilbakebetalt, jf. § 13.
- Auke i tal barn: Ny utmåling av tilskot skal vurderast ved store aktivitetsendringar, som til dømes oppretting av ny avdeling eller gruppe. Slike store aktivitetsendringar må avklarast med kommunen på førehand, og skal inngå i Os kommune sin plan og behov for fleire barnehageplassar.
- Byte av barnehage: Eit barn har plass i ein barnehage til og med siste dag av oppseiingstida innanfor ei oppseiingstid på inntil 2 månader. Dette inneber at plass i ny barnehage ikkje vert registrert før etter at oppseiingstida på maksimalt 2 månader, plasseringsstopp, er gått ut i den første barnehagen. Sjølv om ny barnehage vel å ta inn eit barn før oppseiingstida er gått ut og føresette vel å betale til 2 barnehagar i ein periode, så går oppseiingsdato framfor plasseringsstart og er styrande for kva barnehage barnet høyrer til.
- Opptak av barn ved særskilte høve: Os kommune må sikre at det i akutte situasjonar og særskilte høve er mogeleg å få barnehageplass til familiar som har trong for barnehageplass innan kort tid. Os kommune kan oppmoda barnehagane om å ta inn einskildbarn og vil finansiere barnehageplassen ut frå gjeldande satsar om kommunalt tilskot. Det vil bli fatta nytt vedtak om kommunalt tilskot i slike høve.

**§ 13.*Tilbakebetaling av tilskudd***

*Kommunen kan fatte vedtak om tilbakebetaling mot private barnehager som grunnet feil fra barnehagens side, mottar høyere tilskudd enn den har krav på.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

**Os kommune:**
Kommunen vil, på bakgrunn av opplysningar framkome ved tilsyn, eller ved brot på vilkåra til vedtak om kommunalt tilskot, krevje at barnehageeigar betaler tilbake for mykje motteke tilskot.

**§ 14.*Klage til fylkesmannen***

*Fylkesmannen er klageinstans for kommunens vedtak etter § 1, § 4 fjerde ledd, § 6 første ledd, § 9 og § 13.*

Trer i kraft 1 jan 2016.

***§ 15.*Refusjon for barn fra andre kommuner**

*Kommuner som har private barnehager med barn som er folkeregistrert i en annen kommune, har rett til refusjon for barnehageplassen fra kommunen der barnet er folkeregistrert.*

*Kommunen skal bruke satser for drift og kapital fastsatt av departementet i beregningen av refusjonskravet, og gjøre fratrekk etter § 11 første ledd.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

***§ 16.*Kommunesammenslåing**

*Ved kommunesammenslåing skal den nye kommunen beregne tilskuddet til private barnehager ut fra den tidligere kommunens regnskap og barnetall i to år etter at kommunesammenslåingen er gjennomført.*

*Trer i kraft 1 jan 2016.*

***§ 17.Ikrafttredelse***

*Forskriften trer i kraft 1. januar 2016. Fra samme tidspunkt oppheves forskrift 29. oktober 2010 nr. 1379 om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager.*

**B.**
**Lokale retningsliner ved utviding/endring av barnehagetilbodet i Os kommune.**

**Behovsvurdering**

Os kommune skal ein gang årleg vurdere behov for nye barnehageplassar. Samstundes skal ein vurdere behov for endringar i eksisterande barnehagar. Tenesteutvalet skal orienterast om behovsvurderinga. Eventuell sak om nye tiltak skal leggjast fram for tenesteutvalet. Kommunalsjef og representantar for ikkje-kommunale barnehagar vert invitert til det årlege møte som finn stad om hausten.

**Prosedyre ved etablering av nye barnehageplassar**
Frå og med 1. januar 2011 har kommunane gjennom endringar i barnehagelova fått ei sterkare
styring med etablering av nye barnehageplassar. Sidan all offentleg finansiering til barnehagesektoren no er kommunane sitt ansvar er det viktig å sikre gode rutinar for utviding/
endring av sektoren. Det er særleg viktig å sikre mangfald, god geografisk plassering, rett omfang og lik moglegheit for kommunalsjef for oppvekst og kultur, lokale ikkje-kommunale aktørar og dei store ikkje-kommunale kjedene til å etablere nye plassar ut frå den årlege behovsvurderinga.

Når vedtak om nye barnehageplassar er gjort vert sak utreda hos kommunalsjef for oppvekst og kultur. Aktørar som er interessert i å byggje ny barnehage eller evnt. utvide eksisterande barnehageverksemd presenterer framlegg for kommunalsjef for oppvekst og kultur som igjen lagar politisk saksframlegg. Avgjersle vert tatt i tenesteutvalet.

Ved behov for nye plassar må ei sak til tenesteutvalet innehalde:

- Vurdering om utviding av ei eller fleire eksisterande barnehagar
- Dersom behovet tilseier etablering av ein ny barnehage må saka innehalde moment om
  storleik, plassering og fag for å sikre mangfald og rett geografisk dekning i kommunen
- Kostnadsmessige konsekvensar

**Lokalisering / krav til nye barnehagar**

Krav
- >80 meter frå høgspentline, gjeld både inne-og utearealet
- Tilgang på friområde/ naturområde i gangavstand frå barnehagen (Kan fråvikast i bynært strøk)
- Trygg gangveg til turområde
- Nær vegnettet, men likevel skjerma for trafikk
- Ikkje i tilknyting til anna verksemd som kan generere tungtrafikk, støy, støv/ forureining og anna som vil få ein uheldig faktor for drift av barnehage ( ei eventuell evakuering av barn i ein barnehage tek tid )
- Unngå område med høge verdiar av radon

**Retningsliner for vurdering av kvalitet på lokalisering**
- Gode soltilhøve
- Utfordrande utemiljø
- Trygge trafikktilhøve
- Ikkje plassering inne i bustadfelt, men ved innkøyring til bustadfelt/ bustadområde

Gjerne plassering slik at sambruk av lokale med til dømes ein skule vil vere mogleg.

**Detaljplanlegging**
All utbygging av barnehagar skal skje i medhald av regulerings-eller utbyggingsplan etter plan-og bygningslova, slik at ein sikrar lokal medverknad og kvalitet i planlegginga. Det skal leggjast særleg vekt på universell utforming.

Ein barnehagetomt skal mellom anna gje plass til:
- Sjølve bygget
- Uteareal -minimum 6 x inneleikeareal til faktisk uteopphaldsareal/ leik

- Parkering for personale
- Parkering med plass til tilrettelagd og sikker av-/ påstiging ved henting / levering av barn

Vegar til / frå barnehagen skal vere av god kvalitet slik at trafikken ved henting og levering kan avviklast på forsvarleg vis.

For ein 4 avdelingsbarnehage, definert som ein barnehage for inntil 80 barn, skal tomten vere
omlag 4000m2.

Barnehagar som vert bygd i to høgder bør tilretteleggast med direkte inngang frå terreng i begge høgder.

**C.**
**Lokale retningsliner for opptak av barn – hovudopptak**

Os kommune har eit samordna hovudopptak av barn i året der søknadsfristen er 1. mars.

Alle barnehagar skal ha tilgang til IST-barnehage, systemet til kommunen der søknader og opptak vert registrert.

Ansvarleg for opptaket i den enkelte barnehage er forplikta til å delta på dei møta som kommunen arrangerer i samband med opptaket.